

Møte onsdag den 9. mai 2012 kl. 10

President: Dag Terje Andersen

Dagsorden (nr. 82):

1. Muntlig spørretime
2. Ordinær spørretime
3. Referat

Presidenten: Representanten Kari *Henriksen*, som har vært permittert, har igjen tatt sete.

Før vi starter med dagens saker, vil presidenten informere Stortinget om at vi nå har med oss Ida Børresen, vår nytilsatte direktør. Vi ønsker Ida Børresen hjertelig velkommen til et konstruktivt og godt samarbeid med Stortinget – med Stortingets representanter og videre utvikling av Stortingets virksomhet. Hjertelig velkommen. (Representantene applauderte.)

Vi vil ved en senere anledning komme tilbake til å takke den tidligere direktøren på en behørig måte.

Representanten Harald T. Nesvik vil framsette to representantforslag.

Harald T. Nesvik (FrP) [10:01:12]: Som sagt vil jeg framsette to representantforslag.

Det første er et representantforslag fra representantene Per Roar Bredvold, Torgeir Trældal, Kenneth Svendsen og undertegnede om lik merverdiavgiftssats på næringsmidler.

Det andre forslaget er fra representantene Ketil Solvik-Olsen, Jørund Rytman, Peter N. Myhre og undertegnede om å redusere grensehandelen.

Presidenten: Forslagene vil bli behandlet på reglementsmessig måte.

Sak nr. 1 [10:01:50]

Muntlig spørretime

Presidenten: Stortinget mottok mandag meddelelse fra Statsministerens kontor om at statsrådene Bård Vegar Solhjell, Liv Signe Navarsete og Anniken Huitfeldt vil møte til muntlig spørretime.

De annonserte regjeringsmedlemmene er til stede, og vi er klare til å starte den muntlige spørretimen.

Vi starter med første hovedspørsmål, fra representanten Gjermund Hagesæter.

Gjermund Hagesæter (FrP) [10:02:24]: Til kommunalministeren: Aldri tidlegare har bustadene i Noreg vore dyrare enn dei er i dag. Det gjer at det blir stadig vanskelegare, spesielt for unge, å etablere seg på bustadmarknaden. Framstegspartiet har ofte skulda regjeringa for å vere passiv. Men rett skal vere rett, det er ikkje på alle område regjeringa er passiv. På eitt spesielt område har regjeringa vore aktiv, og også kreativ: når det gjeld å pønske ut

nye forbod, påbod og detaljreguleringar som gjer det dyrare å byggje bustader i Noreg. Det gjer det sjølvstgått endå vanskelegare for unge å etablere seg på bustadmarknaden.

For ikkje lenge sidan kom regjeringa med forslag om universell utforming, som medførte at det skulle vere plass til rullestolar også i dei aller, aller minste bustadene. Det gjer sjølvstgått at spesielt dei minste bustadane kan bli vesentleg dyrare – og dei aller minste blir heller ikkje bygde lenger.

Det siste området som regjeringa har vist aktivitet på, er såkalla passivhus. Her er forslaget, og planen, at alle hus innan 2015 skal byggjast som passivhus. Det betyr at dei nærmast skal vere hermetisk lukka. Ein skal ikkje ha ventilator, ein skal ikkje ha luker, og vindauge skal heller ikkje kunne opnast i husa. Det er jo eit eksperiment, for vi veit lite om korleis dette vil fungere i vårt klima. Det kan bli problem med røte og mugg osv. Men det verste av alt er at dette vil vere eit nytt krav som vil gjere det endå dyrare å byggje bustader i Noreg.

Då er mitt spørsmål til kommunalministeren: Kvifor gjer regjeringa det stadig vanskelegare for unge å etablere seg på bustadmarknaden?

Statsråd Liv Signe Navarsete [10:04:32]: Det er, med respekt å melde, ein god aktivitet i bygginga av nye bustader. Det er òg slik at det har vore vekst i bustadprisane. At prisane er høgast i pressområda, er noko som heilt klart er ei utfordring, spesielt for unge som skal etablere seg. Derfor har regjeringa styrkt både startlån og andre verkemiddel for å sikre at ungdom skal ha moglegheiter til å kome inn på bustadmarknaden – ein marknad som er marknadsstyrt, der det er aktørane som byggjer ut, og der eg ikkje har høyrte at Framstegspartiet på noko tidspunkt har teke til orde for at ein skal inn med ei statleg bustadforsyning.

Det å skape betre sosial og økonomisk fordeling er ein viktig del av regjeringa sin bustadpolitikk, som me følgjer opp i årlege budsjett og gjennom den politikken me fører på ulike område. Skal me unngå å gå baklengs inn i framtida, må me, når me no byggjer hus, ta omsyn til at me får ei aldrande befolkning. Me må ta omsyn til at me skal ha livsløpsstandard på bustadene. Dei bustadene som vert bygde spesielt i pressområda, leilegheiter, er attraktive for folk i ein eldre fase – dei sel gjerne ein bustaden. Det å byggje hus i dag – leilegheiter i dag – utan universell utforming er å gå baklengs inn i framtida, når me ser korleis demografien utviklar seg i Noreg. Det er òg bra for dei som er unge – det er bra for oss alle – at det er tilgjenge, og at alle kan velje fritt kvar ein ynskjer å bu. Det burde vere ein menneskerett.

I tillegg er regjeringa oppteken av klima. Me jobbar no med å sjå på oppfølginga av klimameldinga, at me skal på passivhusnivå. Me er ikkje der at me har klargjort alt enno, men det er òg å ta framtida på alvor.

Gjermund Hagesæter (FrP) [10:06:41]: Faktum er i alle fall det at regjeringa kjøper ei detaljstyring som gjer at det blir bygt langt færre bustader enn det som det er behov for. Ein kjem også med stadig nye krav som gjer at bustadene blir dyrare. Det at det blir dyrare eigedommar og dy-

rare bustader, gjer det veldig vanskeleg for unge å komme inn på bustadmarknaden. Det kjem i tillegg til dette med skjerpa eigenkapitalkrav.

Det er slik at passivhus skal vere tilnærma hermetisk lukka – ein skal heller ikkje kunne ha vindauga opne. No er det mange rundt omkring i Noreg som ønskjer å sove med vindaugene opne på soverommet, det kan jo skjje mykje aktivitet der som tilseier at det kan vere fornuftig med litt frisk luft. (Munterhet i salen.)

Då er spørsmålet: Meiner statsråden at det ikkje skal vere lov å ha vindaugene opne på soverommet i framtida?

Statsråd Liv Signe Navarsete [10:07:46]: Utan at eg vil kommentere aktivitetane, er nettopp det som representanten Hagesæter tek opp, eit av dei områda som me no diskuterer og gjennomgår – altså ikkje kva for aktivitet som skjer på soverommet, men korleis ein skal få eit godt inn klima, eit best mogleg inn klima. Helseeffektane av passivhus er eit av områda som er tydeleg spesifisert i klimameldinga som eit punkt som me skal arbeide med fram til 2015, for å vere trygge på at dei husa som skal byggjast og etter 2015, skal vere gode å bu i.

Så er næringa langt føre politikarane – iallfall når me høyrer spørsmålet som kjem her i dag. Næringa er offensiv, pågåande, det vert bygt fleire tusen passivhus no. Det er hus under bygging. Eg var i Trondheim i går og vart fortalt av ordføraren der at ein byggjer spennande buområde i Trondheim knytte til passivhus. Det same skjer her i byen. Det er altså slik at bustadprisane aukar mykje meir enn byggjekostnaden.

Presidenten: Det blir gitt anledning til tre oppfølgings-spørsmål – først Åge Starheim.

Åge Starheim (FrP) [10:09:06]: Eg høyrer at statsråden seier at det er råd å få lån for å betale dei auka kostnadene som med regjeringa sitt forslag vil kome på bustader. Vi veit – som Gjermund Hagesæter var inne på – at veldig mange av Noregs befolkning ønskjer å ha eit ope vindaug f.eks. på soverommet, ikkje minst sommarstid, for å få nok surstoff. Vi veit også at dersom det ikkje skal vere mogleg å opne eit vindaug på rommet, må ein installere andre tekniske hjelpemiddel for å kunne justere temperaturen på f.eks. enkelte rom.

Meiner verkeleg regjeringa at dei som skal byggje hus no framover, spesielt ungdom, må ta seg av desse ekstrakostnadene – noko som vil resultere i at det ikkje vert bygt så mange bustader?

Statsråd Liv Signe Navarsete [10:10:15]: Nye bustader utgjer ca. 3 pst. av bustadmengda. Det er klart at eksisterande bustadmasse er òg i høgste grad aktuell for ungdom som ikkje ynskjer å bu i eit passivhus. Så veit eg at veldig mange ungdommar nettopp ynskjer å bo i passivhus, fordi dei er opptekne av klimaet. Dei er opptekne av at byggsektoren står for 40 pst. av energiforbruket her i dette landet, at energiforbruket er koplå til klimautsleppet, og at det er ein viktig nøkkel for å få ned klimautsleppa både i Noreg og i andre land.

Her er me ikkje eit særstyn i Noreg. Dette er eit område som det vert jobba aktivt med i mange land. Heldigvis er det framsynte politikarar – som saman med ei framsynt regjering i Noreg og regjeringar i andre land – ser at dette er ein viktig veg å gå. Det er modernisering av byggmarknaden, og det er alltid slik at når det kjem moderne og framtidretta tankar, så møter dei motstand av konservative krefter, som dei ein ser i Framstegspartiet. Eg er heilt sikker på at dette er rett veg å gå, og så skal me ta den tida som regjeringa har sagt, til å vurdere nøyte dei stega me skal ta framover.

Presidenten: Michael Tetzschner – til oppfølgings-spørsmål.

Michael Tetzschner (H) [10:11:28]: I forlengelsen av det vi kan kalle kostnadsdriverne innanfor boligproduksjonen – som forrige spørre var inne på – vil jeg ta opp med statsråden en av de andre kostnadsdriverne som er med på å øke terskelen særlig for førstegangsetablerere på vei inn i sin første bolig. Det gjelder da Finanstilsynet, som ikke ligger direkte under instruksjon av kommunalministeren, som stilte et krav til økt egenkapital, fra 10 til 15 pst., eller sett fra boligkjøpernes side, en økning i kravet til egenkapital med 50 pst.

Det jeg undrer på om statsråden kan kaste lys over, er om statsråden som landets ansvarlige boligminister var klar over disse planene på forhånd, om de var forelagt Kommunaldepartementet eller statsråden, og hva hun i så fall svarte på dette kravet til økt egenkapital.

Statsråd Liv Signe Navarsete [10:12:31]: Den interne saksgangen i regjeringa trur eg ikkje eg skal leggje ut for Stortinget. Men sjølvstakt er slike saker diskuterte, og sjølvstakt vil kommunalministeren, som ansvarleg for bustadmarknaden, vere oppteken av at me skal ha tilgjenge til god finansiering for både ungdom og andre grupper. Derfor er det òg presisert at startlånet skal underleggjast ei «særskilt forsvarlighetsvurdering», som det heiter. Finanstilsynet har altså presisert at 85 pst.-regelen kan avvikast dersom anten lånesøkjaren har tilleggssikkerheit eller banken har gjort ei særskilt vurdering som seier at avviket er forsvarleg.

Når det gjeld startlån, er det kommunane som har ansvaret for å vidareformidle dei. Det er kommunane som gjer ei særskilt vurdering. Det betyr at startlånet skal kunne fungere som tidlegare, med tryggleik for at folk skal bruke det til å kjøpe bustad som før.

Presidenten: Geir Jørgen Bekkevold – til oppfølgings-spørsmål.

Geir Jørgen Bekkevold (KrF) [10:13:43]: Konsernsjef Rune Bjerke i DNB tok i et leserrinnlegg i Dagens Næringsliv 8. juli 2011 til orde for en styrking av BSU-ordningen. Han viste til at boligprisene var blitt doblet på ti år, uten at beløpsgrensene i BSU hadde hengt med. Bjerke sa at godt over halvparten av de unge mellom 17 og 34 år

mente at de hadde behov for 300 000 kr i oppsparte midler for å kjøpe bolig.

Også Senterpartiets finanspolitiske talsmann, Per Olaf Lundteigen, sa til Aftenposten for et par år siden at begrensningen av BSU-ordningen gir feil beskjed til ungdom, og understreket at dette var en viktig sak for Senterpartiet. Spørsmålet er hvor viktig saken egentlig er, når det ikke skjer noe i flertallsregjeringen.

Under behandlingen av statsbudsjettet i høst foreslo Kristelig Folkeparti å øke beløpsgrensen til 300 000 kr for totalt sparebeløp, 25 000 kr for årlige sparebeløp og økt fradrag til 28 pst. Hvor ille må situasjonen bli for unge på boligmarkedet før regjeringen kommer på banen med lignende forbedringer i denne ordningen?

Statsråd Liv Signe Navarsete [10:14:48]: Både Senterpartiet og dei to andre regjeringspartia, SV og Arbeiderpartiet, er opptekne av problematikken rundt unge på bustadmarknaden og forbedringar i BSU-ordninga. Det er eitt av dei spørsmåla som eg vurderer i samband med bustadmeldinga som eg skal leggje fram for Stortinget.

Eg er veldig klar over forslaget frå Kristeleg Folkeparti og har òg notert meg at det er konstruktive innspel som me absolutt kan vere med og diskutere vidare. Me ynskjer å sikre ungdom tilgang til bustadmarknaden, samtidig som det ikkje er slik at det er ein menneskerett å gå rett på dei dyraste bustadene. Ungdom har gjennom alle tider – òg då eg og heilt sikkert representanten var unge – starta i det små og bygt seg opp på ein bustadmarknad, ein marknad der byggjekostnadene, som det har vore fokusert på her i dag, ifølgje SSB gjekk opp 3,2 pst. frå 2011 til 2012, men der prisane på brukte bustader gjekk opp mykje, mykje meir, nesten tre gonger så mykje. Så det har noko med marknaden og ... (presidenten klubber) som påverkar prisane.

Presidenten: Da går vi til neste hovedspørsmål.

Anders B. Werp (H) [10:16:09]: Mitt spørsmål går til miljøvernministeren.

Statsrådens forgjenger ble etter hvert kjent for en politikk som i stadig økende grad overstyrte kommunale vedtak. Vi ser mange eksempler på at statlige etater uten videre setter til side enstemmige kommunestyrevedtak. For Høyre er lokaldemokrati en verdi i seg selv, fordi lokale prosesser på en mye bedre måte tar hensyn til lokale forhold, lokal identitet og ikke minst fører til bedre forankring. Dette er viktige kriterier for å få et godt resultat. Statlig styring, derimot, undergraver dette, og det svekker motivasjonen for å engasjere seg lokalt. Det er også interessant at den første kvinnelige mottakeren av nobelprisen i økonomi fikk sin pris i 2009 for sitt arbeid nettopp for å påvise disse sammenhengene.

Høyre har fremmet en lang rekke forslag for å styrke det lokale selvstyret. De er blitt nedstemt av regjeringspartiene – ett etter ett.

Eksemplene er mange på statlig overstyring. I Trysil stilte berørte grunneiere og kommunen elleve konkrete krav til at man ville delta i prosessen med opprettelse av en

nasjonalpark og et naturreservat. Ingen ble tatt til følge. I Nittedal gikk et enstemmig kommunestyre inn for å foreta mindre justeringer av markagrensen. De er bare i minimal grad blitt imøtekommet, til stor lokal frustrasjon.

Mitt spørsmål til statsråden blir derfor om han har tenkt å legge seg på en annen og mer imøtekommende linje enn sin forgjenger når det gjelder å ta lokalsamfunn på alvor.

Statsråd Bård Vegar Solhjell [10:18:11]: Dersom eg får lov til å begynne med hovudbiletet sånn eg ser det, er hovudbiletet at vi i Noreg på ein ganske god måte følgjer opp det prinsippet at avgjerder som i all hovudsak angår det lokale nivået, skal gjerast på det lokale nivået, kommunenivå eller regionalt nivå. Men når vesentlege nasjonale eller internasjonale omsyn trer inn, legg vi for det første føringar og regelverk på førehand, men vi har òg sikkerheitsventilar f.eks. dersom vesentlege omsyn som artsmangfald skulle tre inn i biletet, eller omsyn til internasjonale konvensjonar. Det kan vi òg sjå ved at dei aller fleste typar plan- og reguleringssaker faktisk vert avgjorde lokalt – ja, òg konfliktfylte og vanskelege saker. Men så er det òg ein del eksempel på at det vert teke opp nasjonalt.

Oppfatninga mi er at det er riktig at vi har den typen sikkerheitsmekanisme. Det er riktig fordi eg trur alle forstår at dersom lokale avgjerder vesentleg påverkar anten nasjonale klima- eller artsmangfaldsambisjonar eller annan type politikk, må det vere ein måte for nasjonale myndigheiter å ettergå det på. Det finst òg på andre politikkområde.

Det andre er at det er lett å tenkje sånn at berre hos oss kan vi gjere eit unntak for det, det er jo godt grunngjeve, men summen av at alle tenkjer at berre hos oss, vert f.eks. den utviklinga vi samla sett har sett i strandsonepolitikken langs heile oslofjordområdet.

Så vil eg likevel leggje til at eg skal gå inn i dette feltet med eit ope sinn. Vi har bytta statsråd i Miljøverndepartementet, men vi har ikkje bytta regjering, og vi har heller ikkje bytta politikk. Men eg skal gå inn i dei diskusjonane på ulike felt med eit ope sinn, og eg ser eigentleg fram til å debattere det både med Stortinget og andre instansar framover.

Anders B. Werp (H) [10:20:15]: Jeg takker for svaret, men dessverre gir det vel ikke noen forhåpninger, om jeg kan bruke det uttrykket, om et taktskifte på dette feltet. Men jeg har forståelse for at statsråden har hatt få antall uker på sitt nye kontor – det forstår vi.

Mitt hovedpoeng er lokalt selvstyre. La meg utdype med enda et eksempel, som kanskje ikke berører de viktige kjernepunktene som statsråden tar opp, og Høyre er på mange måter enig i at vi skal ta vare på de viktigste naturkvalitetene. Høyre har foreslått å gi kommunene mer lokalt ansvar for å håndheve motorisert ferdsel i utmark. Det ble nedstemt av regjeringspartiene her i denne salen. Men så har vi i ettertid sett at flere både sentrale og lokale politikere fra Arbeiderpartiet og Senterpartiet sier at dette er noe vi synes er bra, dette vil vi jobbe for. Det gjenstår da hva regjeringen gjør med det. Men synes statsråden det er grunn til virkelig å ta et tak for å løfte opp respekten for lokalt selvstyre?

Statsråd Bård Vegar Solhjell [10:21:27]: Eg er litt usikker på kor store forventningar representanten eigentleg hadde til ei fullstendig omlegging av politikken ved statsrådsiftet. Politikken står fast, men eg kjem til å gå inn i dei enkelte sakene og vurdere dei nøye og høyre på argument begge vegar, og gjere det med eit ope sinn. Det synest eg er viktig, for veldig mange av dei sakene er store og avgjerande for dei lokalmiljøa det gjeld.

Når det gjeld spørsmålet no til slutt, registrerte eg at det var ein brei debatt om det i Stortinget for ikkje lenge sidan, som forgjengaren min, Erik Solheim, deltok i, der han sa at han ville sjå på moglegheita for å gi kommunane auka myndigheit på det området. Eg har tenkt å følgje opp det og sjå på det. Eg har òg lese gjennom heile debatten og høyrte dei ulike innlegga – det var ein interessant debatt. Eg skal gå inn i det feltet og jobbe tungt med det framover.

Presidenten: Det blir gitt anledning til to oppfølgings-spørsmål – først representanten Gunnar Gundersen.

Gunnar Gundersen (H) [10:22:36]: Det var ikke bare en bred debatt for noen uker siden, det var et spørsmål i forrige ukes spørretime om motorisert ferdsel i utmark, hvor statsråden effektivt slamret døra igjen for alle som hadde forhåpninger om at man skulle få en oppmyking, slik at lokaldemokratiet kunne få større råderett når det gjelder motorisert ferdsel. Døra ble slamret igjen mens veldig mange rød-grønne representanter fortsatt hadde hånda i dørkarmen. Det gjør som regel vondt.

Mitt oppfølgings-spørsmål går derfor til statsråd Navarsete. Regjeringen må ikke bare leve med at dobbeltkommunikasjonen her er stor, men vi har noen få, heldige kommuner som får leve med et mye friere regelverk på dette området enn de fleste andre. Mitt spørsmål blir da om statsråd Navarsete vil hjelpe Solhjell og Miljøverndepartementet til å forstå at lokaldemokratiet faktisk tar det ansvaret det kan bli gitt på dette området.

Statsråd Liv Signe Navarsete [10:23:50]: Dette er ei sak som regjeringa skal drøfte. Regjeringa har ikkje lagt fram noka sak om motorferdsel i utmark, og me får kome tilbake til saka når me kjem så langt. Det er ikkje noka hemmelegheit at det er ei viss ueinigheit knytt til dette feltet, og me kjem til å finne eit godt kompromiss, som heilt sikkert òg vil vareta lokaldemokratiet på ein god måte. Det er iallfall i ein del kommunar stort engasjement rundt dette, og det er det sjølvsagt viktig å lytte til, samtidig som me ikkje ynskjer ei utvikling med full fart, fri ferdsel og mykje støy og ståk. Det må vere eit ordna system og i ordna former, og både Solhjell og eg har tillit til at me skal finne fram til eit godt kompromiss, som òg vil tene ikkje minst innbyggjarane i kommunane. Det er dei dette gjeld fyrst og fremst, og dei er delte i synet på kva dei ynskjer seg. Mange vil ha fred og ro, men me skal òg leggje til rette for at dei som treng å bruke motorisert ferdsel, skal få det i ordna former.

Presidenten: Henning Skumsvoll – til oppfølgings-spørsmål.

Henning Skumsvoll (FrP) [10:25:04]: Mitt spørsmål er til miljøvernministeren.

Tidligere ble politisk behandlede saker fra kommunene behandlet i fylket av fylkespolitikkerne. Det er ikke tilfellet nå. Nå har vi en sak særlig om strandplanen i den kommunen og regionen jeg bor i. Jeg lurer på om statsråden vil se litt på dette, om det ikke er feil at byråkrater skal sitte og avgjøre viktige saker som har fått bred politisk støtte i kommunene. Hvis svaret ikke er ja, at han vil gå inn for å se på dette og myke opp litt, tror statsråden da at byråkraterne enten hos Fylkesmannen, fylkeskommunen eller departementet er så mye bedre skikket enn lokalpolitikkerne til å ta en avgjørelse om saker som virkelig berører den enkelte borger i kommunene?

Statsråd Bård Vegar Solhjell [10:26:08]: Dersom spørsmålet gjeld motsegnsmoglegheita, er svaret mitt: Nei, den moglegheita vil eg ikkje fjerne. Det meiner eg er viktig, og ho er gitt av politikarar, folkevalde, som har vedteke at vi skal ha eit regelverk, og så set vi nokre til å følgje opp det regelverket. Eg trur at vi må gjere den debatten til det han er, nemleg ein debatt om kva for politiske regelverk vi skal ha, kven som skal ha myndigheit til å gjere vedtak, og at vi set folk til å følgje opp det. Eg meiner det er riktig at hovudbiletet skal vere at vedtak på plan- og arealområdet vert gjorde lokalt – det er slik det fungerer i dag – men at det finst ein god del tilfelle der det vil vere behov for å ettersjå nasjonale omsyn. At vi set folk til å gjere det, er riktig.

Presidenten: Vi går til neste hovedspørsmål.

Line Henriette Hjemdal (KrF) [10:27:03]: Mitt spørsmål går til miljøvernministeren.

For to uker siden hadde jeg forberedt et spørsmål til miljøvernministeren i spørretimen. Jeg hadde tenkt å spørre ham om hva som var hans tre viktigste områder som ny miljøvernminister, men dessverre hadde ikke ministeren anledning til å besvare spørsmål i salen, fordi han hadde kalt inn til en pressekonferanse om den nye klimameldingen midt under spørretimen, noe det har vært skrevet en del om i ettertid. Jeg skal la det ligge, fordi miljøvernministeren har besvart spørsmålet mitt skriftlig. Svaret er bl.a. som følger:

«Dei tre viktigaste områda for meg er ein offensiv klimapolitikk, varig bruk av norsk natur og miljøvenleg utvikling i byar og tettstader.»

Dette er et godt og lovende svar, synes jeg. Jeg skal ikke kritisere statsråden for ikke å levere politikk, for det hans forgjenger brukte fire år på, nemlig ikke å levere en klimamelding – fordi han ikke fikk nok gjennomslag – leverte statsråd Solhjell på fire uker. Hadde politikken innhold stått i stil med det tempoet han har satt, og de programklæringene han har kommet med, hadde mange av oss klimaforkjempere vært fornøyd, men det er altså ikke slik. For på papiret står det i klimameldingen at klimaforklæringens målsetting er at to tredjedeler av utslippene skal tas i Norge, men det gjøres ingen forsøk på å redegjøre for effekten av de tiltakene som regjeringen foreslår. Det skri-

ves ganske enkelt: «Det er ikke mulig på sikkert grunnlag å anslå effekten». Noen har prøvd å anslå effekten, og de har kommet til 8 mill. tonn. Det er Bellona. Men jeg tror at når regjeringen og ministeren sier at man vil føre en offensiv klimapolitikk, har miljøvernministeren en lapp på sin pult, og mitt spørsmål er: Er det levert nok tiltak i forhold til klimaforlikets målsetting?

Statsråd Bård Vegar Solhjell [10:29:40]: Lat meg først seie at eg er einig at det var uheldig at eg ikkje var her i spørjetimen for to veker sidan – eg har sagt dette frå talarstolen før og sendt eit brev til Stortinget om det, men eg gjentek det gjerne.

Eg trur at grunnen til at klimameldinga har vorte så godt motteken som ho har vorte, er både at vi fortset å setje oss svært ambisiøse mål fram mot 2020, og at ein, når ein går inn i det, ser at det er realistiske mål å nå.

Lat meg kort seie kvifor eg meiner det er realistisk å nå måla i 2020. For det første har vi allereie no gjennomført omfattande tiltak – frå klimaforliket og framover – som har effekt. Anslaga vi gir i klimameldinga, er at dei vil redusere utsleppa med om lag 5 mill. tonn, grovt rekna, fram mot 2020, og det er ein av grunnane til at vi kan justere ned anslaga fram mot 2020.

For det andre lanserer vi omfattande tiltak i klimameldinga. Det er svært vanskeleg å gi eit reknestykke for effekt, men at det er langt meir omfattande tiltak enn det som allereie ligg i klimaforliket, er det etter mitt syn ingen tvil om. At det vil ha ein betydeleg effekt fram mot 2020, er eg heller ikkje i tvil om.

For det tredje er det ikkje slik at vi skal slutte å føre politikk no, ikkje gjere noko meir frå 2012 til 2020 – tvert imot. For det første kjem det til å kome nye idear og nye forslag, og dersom vi ser på historia frå klimaforliket, viser det seg at mykje av det som er gjort dei siste fem åra, ikkje er omtalt i klimaforliket: jernbanesatsing, nye byggkrav – det er berre gjort fordi det kom forslag om det.

Vi skal òg rapportere om utviklinga. I går kom det ny informasjon om klimagassutslepp som viser ein reduksjon – i all hovudsak av andre grunnar enn politikk dette året. Men dersom ein samanliknar dei reelle utsleppa i 2011 med det vi trudde dei skulle vere for fem år sidan, så er dei betydeleg lågare – litt på grunn av slump og litt på grunn av at politikken verkar.

Line Henriette Hjemdal (KrF) [10:31:51]: Jeg er glad for at statsråden ikke tar de reduksjonene vi hadde i 2011, til inntekt for politiske tiltak, for det er det dessverre ikke. Den bærekraftsjanpanjen tror jeg ikke vi skal sprette i dag.

Ja, det er krevende å regne ut effekter av klimatiltak. Men Klimakur var nettopp oppskriften for at vi skulle beregne effekter og kostnader, og for at vi skulle lage denne plukklisten. Det var det Klimakur fikk i oppdrag. I klimameldinga har vi ikke fått en oppskrift på å beregne effektene, vi har ikke fått en oppskrift på å beregne kostnadene, summen går ikke opp: Vi skal redusere med mellom 15 og 17 mill. tonn innen 2020 – det vil være krevende. De tiltak som regjeringen har lagt på bordet i klimamel-

dingen, er nå beregnet til 8 mill. tonn i 2020 – det er halvparten.

Hvordan skal statsråden få dette til å gå opp?

Statsråd Bård Vegar Solhjell [10:32:54]: Det skal gå fordi vi har eit mål som er realistisk å nå – basert på det vi har gjort, dei nye tiltaka, og på at vi har moglegheit til å justere kursen og gjere nye ting.

Eg er veldig skeptisk til ei tenking der vi i 2012 tenkjer at vi har oppskrifta på korleis samfunnet skal sjå ut, heilt eksakt. Det skjer så mange ting som endrar kursen og endrar premissane. Det vi kan ha, er eit mål som driv oss klart i ei retning, og mange konkrete tiltak i ulike sektorar som gjer at vi må følgje opp. Det same gjeld når vi legg fram Nasjonal transportplan, i petroleumspolitikken, overfor industrien, i byggsektoren og på andre område. Det er det som er den riktige avveginga mellom ikkje å ha ei eksakt oppskrift og ikkje å gjere noko: tydelege mål og verkemiddel som følgjer det opp. Det har vi lagt fram med klimameldinga.

Eg trur at den veldig positive responsen eg opplever mange stader, nettopp gir klart håp om at vi skal nå måla.

Presidenten: Det blir gitt anledning til tre oppfølgings-spørsmål – først representanten Øyvind Håbrekke.

Øyvind Håbrekke (KrF) [10:34:14]: Jernbanen er jo omtalt i klimaforliket.

Da regjeringen tiltrådte i 2005, var det ikke måte på hvor mye av et taktskifte som skulle skje i klimapolitikken. Da var det 15 år igjen til 2020 – nå har halve tiden gått. Halvveis leverer regjeringen en klimamelding hvor det står – og som jeg igjen vil minne om – at man gjør ingen forsøk på å redegjøre for effektene av de nye tiltakene. Man skriver ganske enkelt at det ikke er mulig på sikkert grunnlag å anslå effekten av satsingen i 2020, og man skriver at endrede forutsetninger vil ha betydning for når klimamålene blir nådd. Det er meldingen halvveis ut i perioden fram til 2020.

Spørsmålet er ganske enkelt: Skal klimamålene i klimaforliket nås, eller skal de bare nås hvis det passer slik?

Statsråd Bård Vegar Solhjell [10:35:15]: Eg er heilt ueinig i beskrivinga av at den raud-grøne regjeringa ikkje har gjort mykje frå 2005. Tvert imot – internasjonalt har Noreg igjen teke på seg leiartroya i det internasjonale arbeidet for å få til ein avtale. Eit av dei aller viktigaste klimatilata som no vert gjennomført internasjonalt, er klima- og skogprosjektet, som ein vart einig om i samband med klimaforliket, som har stor internasjonal interesse, og som vil ha vesentleg og rask effekt på klimagassreduksjonar. Her i Noreg har vi hatt eit taktskifte i satsinga på jernbane, vi har bygd ut testsenteret på Mongstad, fornybar energi, og vi har ei rekkje andre ting i tillegg.

Med klimameldinga styrkjer vi det – på toppen av dette – med mange nye tiltak, for å nå målet vi har sett oss i 2020. Og ja: Når vi set oss eit mål, er det fordi vi skal nå det, og vi gjer ting som vi meiner gjer det realistisk å nå måla vi har for 2020.

Presidenten: Per-Willy Amundsen – til oppfølgings-spørsmål.

Per-Willy Amundsen (FrP) [10:36:28]: Representanten Hjemdal har selvfølgelig rett. Det er en viss avstand mellom målsettinger og virkemidler, hvis man ser på klimameldingen, og det er kanskje like greit.

Når det gjelder et av tiltakene, passivhus, som det har vært skrevet litt om i norske medier, hadde VG en artikkel den 26. april hvor Block Watne sier at innføringen av forskriftene om passivhus allerede fra 2015 vil føre til at boliger blir 250 000 kr dyrere. Block Watne har litt peiling på dette, vil jeg tro.

Siden SV ofte har tatt til orde for unge nyetablere og hvor viktig det er å legge til rette for at de kan komme inn som huseiere og komme inn på boligmarkedet, blir spørsmålet til statsråden egentlig: I valget mellom symbolpolitiske klimatiltak og unge nyetablere – hvilke hensyn ivaretar man?

Statsråd Bård Vegar Solhjell [10:37:34]: Det er jo ikkje rart at representanten synest det er symbolpolitikk, for han trur ikkje på problemet. Men for oss som trur på problemet, er det verkeleg politikk, verkelege ting som vi skal få til.

Kommunalministeren har på ein god måte her gjort greie for at vi no framover må jobbe med passivhus og kva krava eksakt skal vere. Det er retninga vi gir i klimameldinga på det området.

Mi oppfatning er at utbyggingskostnadene kan verte noko høgare, men betre hus, som er tettare, og som over tid vil gi lågare strømkostning, er eit framsteg for befolkninga, akkurat som det er eit framsteg dersom vi får mindre kø, betre utbygd kollektivtrafikk og bilar med mindre utslepp.

Eg undrar meg over at Framstegspartiet er så skeptisk til dei framstega vi kan gjere, som gjer det betre for oss både på byggområdet og på transportområdet. Det synest eg er rart. At dei ikkje synest det er viktige klimatiltak, ok, men når det er så positive framsteg, med andre positive effektar, synest eg dei skulle vere meir positive til tiltaka.

Presidenten: Nikolai Astrup – til siste oppfølgings-spørsmål.

Nikolai Astrup (H) [10:38:51]: La meg først få lov til å si at det er hyggelig at statsråden skryter av den skogsatsingen som Høyre foreslo i klimaforliket i 2008. Det er et tiltak som virkelig kan ha effekt, og det er bra.

Så er det ikke noen særlig tvil om at hvis regjeringen hadde kommet i gang med arbeidet med klimameldingen litt før, hadde det vært lettere å nå de målene vi har satt oss i 2020. Nå er det syv år igjen av det som i utgangspunktet var en periode på tolv år. Jeg synes derfor det kanskje er på tide å heve blikket og utfordre statsråden på hva han ser for seg bør være gode mål for Norge i et 2050-perspektiv – ettersom det nå er så kort tid igjen til 2020, og veldig mange av de tiltakene som regjeringen foreslår, som i og for seg er gode tiltak, først vil ha effekt etter 2020 likevel.

Statsråd Bård Vegar Solhjell [10:39:44]: Viss Høgre står ved det målet dei har forplikta seg til i forliket, men meiner tiltaka er heilt utilstrekkelege i forhold til det, ser eg fram til å sjå kva omfattande nye tiltak, på toppen av det, Høgre vil leggje fram i det vidare arbeidet.

Men elles er eg einig med representanten Astrup i at perspektivet vidare mot 2050 er ekstremt viktig. Det har i alle fall for meg vore veldig førande i sluttarbeidet med meldinga. Særleg på to område ser vi det tydeleg: Den nye klimateknologisatsinga, fondet, vil først og fremst gi resultat etter 2020 – ja langt etter 2020. Den omstillinga av transportpolitikken vi skal få igjennom i storbyområda i Noreg, og som vi må ta, vil ta mange tiår. All realisme tilseier det. Men vi kan ikkje la vere å begynne å gjere det no, snarare vil eg seie at når noko tek lang tid og er viktig, må vi begynne raskt med det.

Så eg er heilt einig: Viss vi skal verte eit lågutslepps-samfunn, med 50–85 pst. lågare utslepp i 2050, som FN anbefaler, må vi ta dei store omstillingane raskt.

Presidenten: Vi går til neste hovedspørsmål.

Oskar J. Grimstad (FrP) [10:41:04]: Spørsmålet går til miljøvernministeren og gjeld kulturminnepolitikken generelt og arkeologi spesielt.

Lat meg først understreke at det er brei einigheit om at det er viktig å ta vare på våre kulturminne, fordi det har med vår identitet og kulturarv å gjere, og Framstegspartiet meiner at det er viktig å gi det nødvendig legitimitet. Det er også brei einigheit om behovet for leiting og registrering for framtida. Men vi ser i dag at bandlegging av område med kjente, mindre funn, eller bandlegging av område for seinare utgraving, i tillegg til nærast ukritisk kostnadsbelastning på tiltakshavar, grip om seg og når stadig nye høgder. Som eksempel kan eg nemne Hestvikholman industriområde i Averøy kommune i Møre og Romsdal, der kostnadene kom på nesten 11 mill. kr.

Når det gjeld kulturminnepolitikken spesielt, hugsar vi at ein sa nei til hotellslott på Øye, inntil Riksantikvaren sette ned foten og gav løyve, slik det var søkt om. Vi har vidare sett eksempel som at Sande kommune får avslag på forlenging av molo fordi moloen vil gi dårlegare utsikt til gravrøys. Konservatarar snakkar om store funn, mens andre i fagmiljøet meiner det er forventa mindre funn. Eksempel på gravrøys som berre var ei steinrøys, er gravrøysa på Rong. Dette er eksempel på fagpersonar som har skada legitimiteten til kulturminnepolitikken.

Vi ser vidare når det gjeld arkeologiske utgravingar, at tiltakshavarar får rekinga, anten det gjeld det offentlege eller det gjeld private, basert på enkeltarkeologar si vurdering, der ein ser klare regionale forskjellar. Dette fører igjen til påstandar om at arkeologane kan grave så lenge dei vil, og der dei vil, og nytte så lang tid dei vil til å vurdere funna. Dei kan konkludere som dei vil, og på Tønsnes i Tromsø brukte dei meir enn tre år.

Det fører til dyrare utbyggingar, dyrare bygg og mindre areal slik at færre unge får bustad. Spørsmålet blir då: Meiner den raud-grøne regjeringa at dette er ønskte konsekvensar av deira politikk, eller er statsråden villig til å

gå inn i denne problemstillinga for å styrkje legitimiteten til fornminnepolitikken og gi utbyggjarar og tiltakshavarar større føreseielegheit?

Statsråd Bård Vegar Solhjell [10:43:22]: Først må eg berre seie at eg er veldig oppteken av og engasjert i spørsmål om kulturminne, og eg er glad for at representanten òg er det. Eg trur at vi i aukande grad vil leve med minne om forteljingane om vår nære og fjerne historie rundt oss i det daglege, og at det betyr mykje meir for vanlege menneske rundt omkring i Noreg enn det som kjem fram i rikspressa. Eg registrerer at ein nesten aldri skriv om kulturminne i dei store norske tabloidane, f.eks., men viss eg blar opp i lokalaviser eller ser i innboksen min, er dette ein ganske dominerande del av den lokale debatten og dei meldingane eg får. Så det er eit stort engasjement om dette rundt omkring.

Så må eg seie at vi har betydelege utfordringar når det gjeld kulturminnepolitikken, inkludert det å styrkje kompetansen og det å auke løyvingane til å følgje opp kulturminne på ein god måte i åra framover for dei som skal jobbe med det ute. Det er eg einig i, sjølv om mykje er gjort. Vi jobbar derfor no bl.a. med ei stortingsmelding om kulturminnepolitikken, som skal kome neste år, som skal gå inn i desse problemstillingane.

Så må eg seie at eg har stor tillit til Riksantikvaren og til at dei fagfolka som jobbar f.eks. med dei enkelte arkeologiske utgravingane, gjer det på eit fagleg grunnlag. Eg går gjerne inn i debattar, anten det er om enkeltsaker eller meir generelt om den økonomiske sida av det, men mitt utgangspunkt er at eg har stor tillit til at dette vert gjort på ein fagleg forsvarleg og god måte i dag.

Oskar J. Grimstad (FrP) [10:45:03]: Vi ser at når det gjeld Herøy kommune i Møre og Romsdal, har dei no eit betydeleg problem med å få friggitt areal til ein kostnad som gjer at ein vel å ville satse på det, anten det er til bustad eller til industri. Med omsyn til kostnader som blir lagde inn i samband med arkeologiske utgravingar, nemnde eg Hestvikholman industriområde på Averøya, der dette kom på nesten 11 mill. kr. Ein hadde lagt inn pc-ar og IT-utstyr i basisen for desse undersøkingane, og det viser at det er gitt eit handlingsrom til arkeologar som er nærmast uavgrensa.

Spørsmålet til statsråden blir då: Er ein villig til å gå inn og setje avgrensingar med omsyn til kva som kan finansierast? For det er klart at om fullmaktene er vide, kan ein nærmast leggje inn kva det skal vere som instrument, som hjelpemiddel, når det gjeld å setje i verk desse utgravingane. Det er med på å øydeleggje legitimiteten til kulturminnepolitikken og er slett ikkje spesielt heldig.

Statsråd Bård Vegar Solhjell [10:46:05]: Eg må først seie at eg kjenner ikkje nokon av dei to enkeltsakene som representanten tek opp, så dei kan eg ikkje kommentere.

Generelt er eg, anten det er arkeologiske utgravingar eller annan type oppfølging eller undersøking når det gjeld kulturminne, oppteken av at det skal gjerast på eit fagleg grunnlag. Ein skal stille faglege krav til gjennomføring, til kva det er ein ser etter, og handtere det. Men ein må sjølv-sagt òg ha ein god dialog med dei det gjeld, om framdrift

og økonomi osv. Eg har tillit til at det vert gjort på ein god måte av Riksantikvaren.

Presidenten: Det blir tre oppfølgingsspørsmål – først representanten Henning Skumsvoll.

Henning Skumsvoll (FrP) [10:46:55]: Vil statsråden gå inn i grunnlaget for den delegererte myndighet som er gitt Fylkesmannen ved fylkeskonservatoren når det gjelder båndlegging, utsetting og endog stopping av prosjekt for å avdekke fornminner?

Fremskrittspartiet mener at når staten ved overordnet myndighet på vegne av fellesskapet pålegger en privat eier å utføre arkeologiske utgravninger, må også staten trå til og dekke de utgiftene en privat eier får. Vi hørte i foregående hovedspørsmål at det kunne være til dels meget store kostnader.

Er statsråden enig med Fremskrittspartiet i at alle utgifter den enkelte har for å klargjøre områder for fornminner, bør og må dekkes av staten?

Statsråd Bård Vegar Solhjell [10:47:43]: Nei, der har eg ingen umiddelbare planar om å gjere noka endring.

Presidenten: Olemic Thommessen – til oppfølgings-spørsmål.

Olemic Thommessen (H) [10:47:56]: Jeg har forståelse for at statsråden ikke vil kommentere enkeltsaker, men jeg er nokså sikker på at i løpet av ikke veldig lang tid vil han konfronteres med såpass mange enkeltsaker på dette området at han vil komme til den erkjennelse at han er nødt til å ta tak i hvordan forholdet er mellom de myndighetene som håndterer dette, altså Riksantikvaren, og offentlige eller private utbyggere. For her er det vanskeligheter når det gjelder det juridiske fundamentet, men også når det gjelder den praktiske båndleggingen.

Jeg er også ganske sikker på at mange av de sakene statsråden vil bli konfrontert med, er knyttet til typer kulturminner som vi har mange av: fangstgroper, kokegroper og gravrøyser – for å nevne de kanskje vanligste.

Spørsmålet er: Kunne vi plukket ut noen av disse områdene og gjort dem mer tilgjengelige for publikum, synliggjort dem på en bedre måte – altså løftet dem frem istedenfor at det bare blir dokumentert at de ligger der – og hatt et romsligere regime på de typene gravminner på andre områder?

Statsråd Bård Vegar Solhjell [10:49:07]: For det første synest eg det var ein konstruktiv tone, og eg svarer: Ja, eg har gjerne ein dialog med både representanten Thommessen og andre om utfordringane her. Eg ser jo heilt klart at det vil alltid vere eit møte mellom dei arkeologiske ønska og krava og eigaren sine interesser i ulike typar kulturminnesaker. Det set eg meg gjerne betre inn i og har dialog om, og eg ser gjerne på utfordringane saman med Stortinget.

Presidenten: Line Henriette Hjemdal – til siste oppfølgingsspørsmål.

Line Henriette Hjemdal (KrF) [10:49:49]: Kulturminnepolitikk er viktig, for det er viktig å ta vare på historien vår, og det er viktig å kunne leve med historien vår. Målsettingen Stortinget hadde i 2005 om at vi i 2020 ikke skulle miste mer enn 0,5 pst. av kulturminnene våre, er et viktig, men krevende mål. For å klare det må vi frede og sette i stand elleve bygninger hver eneste uke.

Men for at vi skal klare å bevare, må vi vite hva vi har. Rundt omkring i kommunene våre skjer det mye godt arbeid, men det er bare 280 av kommunene våre som har en kulturminneplan, og vi vet at det ofte er økonomi som stopper det å utforme slike kulturminneplaner. Vi har tatt til orde for et lass med gulrøtter til kommunene når det gjelder kulturminneplaner. Dette vil ikke koste mer enn 17 mill. kr hvis vi går inn med en egenandel.

Jeg har sett omtalt i Nationen at statsråden ønsker å satse på kulturminner. Er dette et tiltak statsråden i hvert fall kan vurdere fram til budsjettet for neste år?

Statsråd Bård Vegar Solhjell [10:50:56]: Det vil vel ikke overraske så mykje når eg seier at løyvingar får vi kome tilbake til i budsjettet. Men òg eg er merksam på at det framover er behov for å gjere eit arbeid med omsyn til lokale kulturminneplanar. Så vil eg seie at eg trur i alle fall det er langt frå berre økonomi det er spørsmål om. Eg trur at den lokale kompetansen er viktig for å styrkje kulturminnearbeidet, og at det kanskje er vel så viktig i åra framover å bygge han opp lokalt, for det er der ein vil kome til å vere tett på, og der ein skal forvalte kulturminna. For å gjere eit godt planarbeid er faktisk det å vite og ha kunnskap om lokale forhold kanskje viktigare enn økonomi.

Presidenten: Vi går da til dagens siste hovedspørsmål.

Michael Tetzschner (H) [10:51:56]: Mitt spørsmål er rettet til vår kommunalminister i egenskap av boligminister.

Jeg synes jo det var en interessant avklaring vi fikk i sted, at vår boligminister anser det som et utmerket påfunn at krav til egenkapital for førstegangsetablerere øker med 50 pst.

Vi går litt videre på boligspørsmålet: Det var mange som forventet en gjennomgang av statens begrensninger i det kommunale selvstyret når det gjelder arealer og planer i den lenge ventede stortingsmeldingen om stat og kommune.

Dessverre fikk pessimistene rett – det kom ikke et eneste forslag om å redusere eller samordne statens mange sektorinteresser, som overstyrer arealpolitikken i kommunene hver eneste dag. Det er nemlig slik at 22 statlige instanser har innsigelsesrett – ja selv om detaljplanen bare følger tidligere vedtatt plan. Kommunene mottar nå ca. 90 pst. varsler om innsigelser, og de blir faktisk fulgt opp i over halvparten av tilfellene. Fra utbyggerne kommer det meldinger om at det er nesten like vanskelig å få større boligplaner gjennom i kommunene på grunn av disse innsigel-

sene, som det er å få Balder tilbake fra Helheimen – der, som kjent, alle levende vesener måtte samtykke.

Så hører vi også at Senterpartiet visstnok skal være en pådriver mot disse sektorinteressene, og da er det jo interessant å vise til at Arbeiderpartiet har begynt å tenke nytt her. Et boligpolitisk utvalg har nettopp foreslått at man skal se litt nærmere på regler som begrenser boligbyggingen.

Mitt spørsmål til statsråd Navarsete er: Vil hun komme til Stortinget med forslag om å fjerne en vesentlig del av disse innsigelseshjemlene?

Statsråd Liv Signe Navarsete [10:54:07]: Det vert ofte framstilt som – òg frå næringa si side – som om det er det offentlege som er det store hinderet for bustadutbygging. Det er i denne sal òg viktig å minne om at produktiviteten i byggjenæringa har gått ned med 20 pst. dei siste ti åra. Næringa må òg vere med og ta eit ansvar. Kommunane må ta sitt ansvar med å sikre byggjeklare tomter. Ikkje minst har tomteprisen gått mykje opp, noko eg har vorte fortalt når eg har vore ute på enkelte byggjeplassar. Det utgjer no ein urimeleg stor del av endeleg pris, så me må ha heilskapen i det som rører seg ute i byggjemarknaden. I tillegg har me ein pressa marknad og eit skatteregime som stimulerer til investering i bustad langt utover primærbusstaden, som òg sjølvstakt gjer at mange med god økonomi kjøper seg opp i bustadmarknaden og pressar prisane opp. Den heilskapen må me ha med.

Eg har heller ikkje jubla for – som det nesten vart framstilt som – endringane frå Finanstilsynet. Men når me ser gjeldsbelastinga på norske hushaldningar, skjønner eg Finanstilsynet si bekymring, når ho ligg høgast i Europa. Heldigvis har me ein god økonomi – men likevel.

Så til det konkrete spørsmålet. Eg legg no siste hand på ei melding om bygningspolitikken og vil der òg adressere denne problemstillinga. Eg kan ikkje seie så mykje meir om det i dag, men berre seie at eg er oppteken av – og regjeringa er oppteken av, anten det er i Arbeidarpartiet, i SV eller i Senterpartiet – at me skal ha ei effektiv handsaming av byggjesøknad, og av at ikkje minst kommunane skal ha gode planar som gjer at når det kjem ein søknad, skal det vere rimeleg enkelt å sjå på om den søknaden kan gå lett gjennom, eller om han må gå mange rundar. Det handlar særdeles mykje om kor godt planarbeid ein har i den enkelte kommune, og der ser me at det er stor forskjell mellom kommunar på tida ein brukar på å behandle søknader.

Michael Tetzschner (H) [10:56:13]: Hvis jeg hadde vært interessert i produktivitetsutvikling i byggenæringen, hadde jeg ikke stilt det spørsmålet til statsråden. Men hun impliserer i sitt svar at tomteprisen også er stigende. Men det er nettopp en effekt av at kommunene ikke har den tregangeren av tilgjengelige byggeklare tomter som de må ha i reserve, for å kunne tilby folk med prosjekter og tiltaksfrist å bygge boliger i sin kommune.

Jeg synes svaret når det gjaldt å være konkret med hensyn til forslag til forenklinger og begrensninger av statlige særinteresser, ikke var særlig klart, men jeg kan hjelpe litt på vei. Arbeiderpartiet har jo vært konkret på ett punkt i sin boligutredning. Det ser nemlig ut som om Arbeiderpartiet

vil gå inn for at en femårs begrensingsregel for detaljplaner skal bortfalle. Det har Høyre fremmet representantforslag om her i Stortinget, så da har vi allerede nå et flertall i Stortinget. Så mitt spørsmål til statsråden er: Når vil hun fremme forslag om at i hvert fall begrensingsregelen på fem år bortfaller?

Statsråd Liv Signe Navarsete [10:57:18]: Det er eit spørsmål som eg har teke opp for lenge sidan, og som me diskuterer i stortingsmeldinga. Representanten Tetzschner må smørje seg med tolmot nokre veker til, og så vil det vise seg om det spørsmålet finn si avklaring i meldinga. Eg synest ikkje det er greitt å leggje fram enkeltheiter i det som me drøftar i ei melding, før me legg ho fram, men dette er eit område som me kjem tilbake til i stortingsmeldinga.

Presidenten: Det blir to oppfølgingsspørsmål – først representanten Trond Helleland.

Trond Helleland (H) [10:57:53]: Vi har ventet og ventet på stortingsmeldingen om forholdet mellom stat og kommune, og da den endelig kom, ble det en prinsippmelding. Nå varsler statsråd Navarsete at hun skal komme med en ny, stor melding om bygningspolitikk. Den kommer i løpet av noen uker.

Jeg håper jo da at det blir en melding som kommer med forslag til konkrete tiltak og ikke blir en prinsippmelding. Det er ikke prinsippene vi trenger å røske opp i nå; det er de statlige innsigelsesmyndighetenes adgang til å hemme boligbyggingen. Det er mange ting innenfor boligpolitikken som virker fordyrende og forsinkende. Jeg håper at statsråden tar konkret tak i dette.

Vil statsråden bli en tydelig boligstatsråd og samle bolig- og arealpolitikken i ett departement?

Statsråd Liv Signe Navarsete [10:58:52]: Statsråden jobbar mykje med bustadpolitikken. Eg trur næringsga har merka seg at det er kome på dagsordenen. Det har ikkje vore høgt på den politiske dagsordenen tidlegare. På same måte som denne statsråden lyfta samferdselspolitikken opp på den nasjonale dagsordenen, meiner eg at eg no har lyfta bustadpolitikken inn i det politiske ordskiftet. Det er eg veldig glad for og stolt over å kunne gjere, for det er viktige område i folk sitt liv. Derfor legg eg òg fram ei stortingsmelding om bygningspolitikken og seinare ei stortingsmelding om bustadpolitikken, for det er grunnleggjande for folk flest.

Om me skal samordne ansvarsområde som ligg under Miljøverndepartementet og Kommunaldepartementet, er jo eit tilbakevendande spørsmål. Det som er viktig i den samanhengen, er at me har ein samordna politikk, og at det som kjem frå dei to departementa, er samordna, slik at folk der ute, kommunane, opplever at det er éin instans det kjem frå, og ikkje mange. Det arbeider eg kontinuerleg med.

Presidenten: Gjermund Hagesæter – til oppfølgings-spørsmål.

